

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 07.06.2023
SAKSHANDSAMAR: Berit Irene Haarklau
SAKA GJELD: **Nasjonal årsmelding 2022 frå Pasient- og brukarombodet**

ARKIVSAK: 2022/1633

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
21.06.2023

STYRESAK:
042/2023

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek «Nasjonal årsmelding 2022 frå Pasient- og brukarutvalet» til orientering.

Oppsummering

Pasient- og brukarombodet skal arbeide for å ivareta pasienten og brukaren sine behov, interesser og rettstryggleik overfor den statlege spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta, og for å betre kvaliteten i desse tenestene.

Pasient- og brukarombodet har 15 kontor spreidd i heile landet og i alle fylker. I Vestland fylke er det kontor i Førde og Bergen.

Pasient- og brukarombodet mottok 17 368 henvendinger i 2022, og dette er ein auke på 16 prosent i løpet av fem år.

Fakta

Pasient- og brukarombodsordninga er heimla i Pasient- og brukarrettigheitslova, kapittel 8.

Pasient- og brukarombodet har lagt fram nasjonal årsmelding for 2022 (vedlegg). Arbeidsområdet omfattar den statlege spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Utdrag frå årsmeldinga

Pasient- og brukarombodet mottok 17 368 henvendinger i 2022.

Fordeling tal saker i 2022 viser følgjande:

Nasjonal årsmelding 2022 – fordeling mellom nivåa		
Spesialisthelsetenesta	7198 saker	55 %
Kommunal helse- og omsorgsteneste	5890 saker	45 %

*4000 henvendinger kunne ikkje plasserast på nivå.

Pasient- og brukarombodet trekker særleg fram desse områda frå 2022:

- Mangelen på fastlegar har nasjonalt omfang og gir alvorlege konsekvensar for pasientane
- Psykisk helsevern må prioriterast høgare
- Pasientens rett til likeverdige helsehjelp uavhengig av bustad og livssituasjon blir ikkje oppfylt
- Mangelfulle sakshandsamingsrutinar i kommunehelsetenesta er ein trussel mot pasienttryggleiken
- Eigendel for unge må fjernast
- Samhandling mellom avdelingar og tenestestad, uavhengig av nivå, må bli betre

Pasient- og brukarombodet mottok 1445 saker som omhandla Helse Vest i 2022.

Helse Vest – fordeling saker til spesialisthelsetenesta	
Psykisk helsevern for vaksne	31 %
Ortopedisk kirurgi	15 %
Nevrologi	10 %
Mage/tarm-kirurgi	10 %
Psykisk helsevern for barn og unge	7 %

Konklusjon

Brukarmedverknad og høve for pasientar og pårørande til å gje tilbakemeldingar er særskild viktig for å lære og forbetre tenestene. Pasient- og brukarombodet har ei viktig rolle i å møte brukarane og å gjere spesialisthelsetenesta merknad på kva forhold som blir omhandla.

Helse Førde deler Pasient og brukarombodet si uro for vanskaner med rekruttering til kommunehelsetenesta og fastlege-ordninga.

Spesialisthelsetenesta og kommunal helse og omsorgsteneste er nært knytt til einannan og vi samarbeider om betre tenester i helsefellesskapet. Vanskar i ein del av kjeda vil få verknader andre stader. Dei fleste pasientane har korte opphald i spesialisthelsetenesta. Det er i kommunen dei høyrer til og det er difor viktig at det er stabilitet i kommunale helse- og omsorgstenester. Dette gjeld især for sårbare pasientar som dei som har alvorlege kroniske lidningar eller fleire samtidige sjukdomar. Kommunale tenester har ei sentral rolle i å vurdere når og kva tilvisingar som skal til spesialisthelsetenesta og i å ta imot pasientane etter opphald. Framover vert det viktig å samarbeide om kompetanse, rekruttering og om godt koordinerte og heilskaplege pasientforløp.

Vedlegg:

1. Nasjonal årsmelding 2022 frå Pasient- og brukarombodet